



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Forklaringar om statistikken

(foilnummer)

4: Folketal fordelt på aldersgrupper 2011 og framskriving til 2021 etter MMMM.

Figuren viser befolkningsframskriving etter alternativ MMMM (middels nasjon vekst) som kombinerer middels fruktbarheit med middels levealder, middels sentralisering og middels innvandring. Folketalet er delt inn i 5-årsgrupper, og visar samansetninga per 01.01.2011 og forventa samansetning 01.01.2021.

5: Befolkningsvekst etter type

Vekst i befolkninga skjer enten gjennom *fødseloverskot*, det vil sei at det i tidsrommet var fødd fleire enn talet på personar som døde eller gjennom positiv *nettoflytting*, altså at det var fleire som flytta til kommunen enn frå. Summen av dei to faktorane gjev befolkningsvekst eller nedgang. Figuren synar utviklinga i kommunane i prosent.

6: Nettoflytting

Nettoflytting er talet på personar som flyttar inn minus talet på personar som flyttar ut av kommunen.

8: Inn- og utanlandsk nettoflytting etter alder i perioden 2000 – 2010.

Nettoflytting er talet på personar som flyttar inn minus talet på personar som flyttar ut av kommunen. Innlandsk nettoflytting visar talet på personar som flyttar til ein kommune frå andre kommunar i Noreg, minus talet på personar i den kommunen som flyttar til ein anna kommune i Noreg. Utanlandsk nettoflytting utrekna på same vis, altså talet på personar som flyttar til ein gitt kommune frå utlandet, minus talet på personar i den kommunen som flyttar til utlandet. Figuren viser korleis nettoflyttinga i ein kommune fordelar seg mellom innlandsk og utanlandsk nettoflytting, og korleis den samla nettoflytting i kommunen er.

10: Fødseloverskot

Ein kommune har et fødseloverskot om ein i eit gitt tidsrom har hatt fleire fødde enn døde i kommune.

11: Utviklinga i andel barn og unge 0-17 år

Diagrammet viser kor stor prosentandel aldersgruppa 0-17 år utgjer av befolkninga i kommunen samanlikna med den relevante kommunegruppa, fylket og landet. Tala for 2012 – 2021 er basert på SSBs framskrivingar av befolkninga, alternativ MMMM.

12: Utviklinga i andel barn 0-5 år

Diagrammet viser kor stor prosentandel aldersgruppa 0-5 år utgjer av befolkninga i kommunen samanlikna med den relevante kommunegruppa, fylket og landet. Tala for 2012 – 2021 er basert på SSBs framskrivingar av befolkninga, alternativ MMMM.

13: Utviklinga i andel eldre 67 år og over

Diagrammet viser kor stor prosentandel aldersgruppa 67 år og over utgjer av befolkninga i kommunen samanlikna med den relevante kommunegruppa, fylket og landet. Tala for 2012 – 2021 er basert på SSBs framskrivingar av befolkninga, alternativ MMMM.

14: Utviklinga i andel eldre 80 år og over

Diagrammet viser kor stor prosentandel aldersgruppa 80 år og over utgjer av befolkninga i kommunen samanlikna med den relevante kommunegruppa, fylket og landet. Tala for 2012 – 2021 er basert på SSBs framskrivingar av befolkninga, alternativ MMMM.

15: Sysselsette etter arbeidsstad

Talet på sysselsette publiserast hos SSB i to ulike variantar. Ein synar sysselsette etter arbeidsstad, som her, og synar kor arbeidsstaden er registert. Den andre varianten synar kor den sysselsette bur.

16: Næringsstruktur – Utgangen av 2010.

Oversikta over næringsstrukturen består av tal sysselsette etter arbeidsstad etter næring. Det er altså ein oversikt over kva slags arbeidsplassar som er registert i kvar kommune etter kva næring dei høyrar til i. Ein oversikt over kva som inngår i dei ulike næringane finnes på;

http://www.ssb.no/sn2007/forklaring_sn2007.pdf

Figuren synar den prosentvise fordelinga av sysselsette mellom dei ulike næringane i kommunen per 31.12.2010

17: Arbeidsplassdekning

Talet på arbeidsplassar (sysselsette etter arbeidsstad) i prosent av talet på arbeidstakarar (sysselsette etter bustad). Arbeidsplassdekninga sei noko om korleis kommunen fungerer som arbeidsmarknad for innbyggjarane, og kva slags rolle kommunen har i den regionale arbeidsmarknaden. Høg arbeidsplassdekning (over 100 prosent) vil bety at kommunen har eit overskot av arbeidsplassar som dekkast gjennom positiv nettoinnpendling til kommunen, medan ei arbeidsplassdekning under 100 % vonar for eit underskot av arbeidsplassar og nettoutpendling til andre kommunar.

18: Pendling til / frå 2010.

Pendlar: Person som arbeider i ein annan kommune enn der de bur.

Utpendlarar frå ein kommune: Personer som bor i kommunen og arbeider i en annen kommune.

Innpendlarar til ein kommune: Personer som arbeider i kommunen og bur i en annen kommune.

Nettoinnpendling i ein kommune: Det er fleire innpendlarar enn utpendlarar i kommunen.

Nettoutpendling i ein kommune: Det er fleire utpendlarar enn innpendlarar i kommunen.

19: Bustadbygging

Figuren syner bustader som er ferdigstilte i løpet av året. SSB definerer ein bustad som

“En bolig er en boenhet bestående av ett eller flere rom som er bygd eller ombygd til helårs privatbolig for en eller flere personer, og som har egen atkomst til rommet/rommene uten at man må gå gjennom annen bolig. En bolig er enten en leilighet eller en hybel. En leilighet er en bolig med minst ett rom og kjøkken (leilighet inkluderer også enebolig, rekkehus osv.). En hybel er et rom med egen inngang beregnet som bolig for en eller flere personer som har adgang til vann og toalett uten at det er nødvendig å gå gjennom en annen leilighet. Dette inkluderer også hybler i hybelbygg med felles inngang og kjøkken, typisk studenthybler og enheter i bofellesskap for eldre, funksjonshemmede o.l. "Hybler" uten egen inngang (f.eks. rom i en privatbolig) regnes ikke som bolig.”

20: Utdanningsnivået i befolkninga

Viser høgaste fullførte utdanning blant personar 16 år og over i 2010 – i kommunen, fylket og landet. Universitets- og høgskolenivå kort omfattar høgare utdanning t.o.m. 4 år. Universitets- og høgskolenivå lang omfattar utdanningar på meir enn 4 år, samt forskarutdanning.